



Vi er svært godt nøgde med den innsats du gjer her i bygda. Eikelandet Brygge gjer ingangen til Uskedalen flottare.

Det sa leiar i Uskedal Utvikling Kristian Bringedal til utbyggjar Geir Rusten under bustadmøtet ikveld i Gamleskulen.

Rusten er ein stor Uskedalentusiast men slett ikkje like fonøgdt med det kommunale byråkratiet. Han hadde møtt veggen hos dei og sikta då mellom anna til vassforsyninga til Eikelandet.

Førebels har han ikkje seld nokon av dei 8 bustadane, men det er truleg like før det skjer. Dei er godkjende i Husbanken,

Bringedal oppsummerte med at tilbodet er godt og allsidig og at det berre manglar eit noko breiare tilbod i sentrum.

NYHENDE IKVELD var at 3 attliggjande og flotte tomter i Skårhaug som Hans Reidar Kjærland eig skal marknadsførast, bebyggjast og selgjast av entrepenør Frode Bu.

Ellers ga Oddbjørn Kroka uttykk for stor optimisme på vegne av Ospelunden der det føreligg salsløyve for 7 tomter og godt sal av tomannsbustadane som er 10 i talet. I Øvre Halsabrotet føreligg det klarsignal for 5 einingar

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen